



ÅRSMELDING FOR 2021

Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)

Jordbruksskolenes Venner er ei støtteforeining til NMS med eigen samarbeidsavtale som seier korleis samarbeidet skal foregå. JV har direkte kontakt med skulane om prosjekt og tiltak som skal settast i verk.

Dei tre siste åra har JV dekkja halvparten av driftskostnadene for det eittårige kurset på Tombontsoa og Fihaonana, for 2021 med rundt kr. 500.000. NMS har teke den andre halvdel.

Styret

Styret i Jordbruksskolenes Venner i 2021:

Rolf Moi, leiar

Arne Dragsund, sekretær

Kjell Dale, kasserar

Kolbjørn Lerstøl, medlemskontakt

Jonas Skrettingland, styremedlem

Styret har hatt 6 møter og handsama 44 saker dette året.

JV si heimeside og Facebook

På heimesida kjem det nytt frå skulane, eller artiklar om land og folk på Madagaskar. Adressa er www.jo-ve.no. Det er viktig å informere om det som skjer på dei to skulane til ei kvar tid.

Arne Dragsund skriv artiklar og legg ved bilete, og Martha Krogedal Myklebust legg det ut på heimesida og sender det til Facebook. På heimesida til NMS kan ein finne ein link til heimesida for JV.

Grøn Diakoni- programmet

Dei to jordbruksskulane er sentrale i programmet Grøn Diakoni i Den gassisk lutherske kyrkja (FLM). Skulane gjev hyrdane i sjukelandsbyane (toby) i kyrkja opplæring i grønsakdyrking, kompostlagning og planting av frukttrær og skog. Kurset varer i 14 dg. x 2. Når kurset er ferdig, tek hyrdane dei sjuke med seg ut i åkeren for å dyrke grønsaker og andre vekster. Sjølv i koronatida har tobyane dyrka grønsaker. Den største tobyen som er med i dette programmet, Ambohimahazo i Antsirabe, har dyrka nok grønsaker til dei sjuke og hyrdane som steller dei. I alt er det 150 sjuke i Ambohimahazo. 80 av desse er i stand til å vere med på dyrkinga som føregår kvar onsdag og laurdag føremiddag. Det er nå 10 tobyar med i dette programmet, men det er meininga å auke antalet når epidemien er over og det blir mogeleg å besøke alle tobyane igjen.

Organisasjonen Grøn Diakoni (Plant et Tre) i Norge støttar Grøn diakoni-programmet på Madagaskar økonomisk, og har ein samarbeidsavtale med FLM om opplæring av hyrdane og oppfølging av arbeidet med dyrkinga i tobyane. I tillegg vert det kvart år halde kurs for alle hyrdane i Ambohimahazo i Antsirabe, eller på jordbruksskulen Fihaonana. På grunn av koronasituasjonen, har det ikkje vore kurs for hyrdane sidan 2019. Men kurset kjem i gang igjen når det blir mogeleg. Arne Dragsund er koordinator for Grøn diakoniprogrammet på Madagaskar.



Opplæringa av dei sjuke i grønnsakdyrking. Lærar Jean Pierre brukar motorsykkel for å kome rundt på dårlege vegar. Foto Arne Dragsund

Okseprosjektet

Prosjektet si målsetting er å utarbeide betre åk og vogner for oksetrekkraft, samt utvikling av plogar, horver og såmaskinar til bruk for oksar, og andre reiskapar. Sjølv om det er bønder som har byrja med traktorar i Innlandet, er framleis storparten av bøndene avhengig av dyrking av jorda med handemakt eller oksetrekkraft. 4 bønder i nærleiken av Tombontsoa er med i prosjektet, i tillegg til begge skulane. Det har vore produksjon av reiskapar også dette året, men mindre enn planlagt på grunn av korona. Dei fire bøndene har brukt dei nye reiskapane dei har fått, med godt resultat. Meininga er å samanlikne bruken av dei nye reiskapane opp mot den tradisjonelle drifta. På Fihaonana starta dei opp med eit oksesenter med temming av ungoksar i undervisninga. Eit par temma oksar skulle så seljast til bøndene. Det var ein god start på dette for nokre år sidan, men produksjonen og temming av ungoksar har stansa opp. Meininga er å kome i gong igjen med dette.



Rektor Lala viser ei hestehakke som modell



Kolbjørn Lerstøl, William og Edmond. Foto: Dragsund

Moringaprojektet

Martine og Andreas Jørgensen har i samarbeid med JV starta opp det såkalla Moringaprojektet, i direkte kontakt med dei to jordbruksskulane. Dei har samla inn pengar til dette arbeidet, som vert sendt ut til skulane via NMS sine kanalar. Prosjektet går ut på å stimulere til dyrking av treet Moringa. Begge skulane er med i dette prosjektet. Det er sådd 24.000 frø av Moringa i planteskulen på Fihaonana for å få småplanter. Desse plantene skal delast ut i kyrkjene i nærleiken, og folk kan begynne dyrkinga av dette treslaget. Elevane har fått med seg frø heim etter at skulen var ferdig, for dyrking i sine landsbyar. Blad og frø av

Moringatreet har store helsemessige fordeler når det vert nytta i kosten. Treet greier seg godt i tørre område, og veks veldig raskt under gode forhold. Ekspertar i dyrking av Moringatreet kjem i januar-22 til Fihaonana for å ha opplæring av personalet og elevane om denne planten og dyrkinga av den.

Samarbeidet med skulane

Styret i JV hadde planar om å reise ut på dugnad og andre oppdrag dette året, slik det har vore vanleg dei siste åra. På grunn av koronapandemien, vart ikkje dette noko av korkje i 2020 eller i 2021. Vi betalar reisa sjølve, men skulane held kost og losji når vi er på dugnad. Vi trur det er viktig med nær kontakt med jordbruksskulane, både på det faglege plan og ikkje minst for å samtale om dei utfordringar skulane har for å vere ein plogspiss i landbruksutdanninga på Madagaskar i åra framover. Kvar gong vi har vore på skulane, har vi halde kurs for lærarar og andre tilsette, i økonomi og drift av dei praktiske avdelingane. Og det har vore samtalar med rektorane om drifta av skulen, organisering av undervisninga og nye tiltak rektorane har planar om å sette i gong for å skaffe meir pengar til drifta av skulane. Den gode kontakten med rektorane og skulane har styret i JV halde ved like heile året, med kontakt på mail eller telefon. Denne kontakten trur vi har betydd mykje for rektorane, og vi på vår side har heile tida vore orienterte om korleis skulane går og dei planar dei har framover. Medlemene i styret har alle arbeidt som misjonærar der ute, og denne misjonærrollen har halde fram i det engasjementet som JV har hatt sidan 2007, og før den tid meir uformelt. For kvart besøk vi har hatt på skulane, har NMS fått rapport om arbeidet på skulane, og kyrkja ved president/generalsekretær har fått muntleg orientering om besøket. Det same har administrasjonsleiar for NMS på Madagaskar og rekneskapsansvarleg fått.

Varhaug Kristelege Ungdomslag

Denne ungdomsforeininga på Varhaug har støtta jordbruksskulane økonomisk i mange år. Mellom anna støtta dei legging av 2,6 km med røyr til nye vassleidningar på Tombontsoa for nokre år sidan. Fleire ungdomar reiste og ut til Tombontsoa for å vere med på arbeidet saman med gassiske medarbeidarar. Dei ga også ein liten traktor til Fihaonana i samband med 35 års jubileet på skulen i 2018. Det siste året har ungdomslaget bidrege med støtte til opplæringa av agronomelevar på Tombontsoa. Rundt rekna kostar det 10.000 kr. å halde ein elev i denne klassen på skulen i 10 månader medrekna undervisning og internat/kost. Budsjettet for ungdomslaget ligg på ei støtte for 10 elevar i året gjennom si innsamling av pengar. Takk til ungdomslaget for stor innsats gjennom mange år!

Tombontsoa jordbruksskule

Skuledrifta

Agronomkurset FPQ

Dette er det eittårige kurset som var det opprinnelege kurset på Tombontsoa frå 1965 av, med ungdom frå landsbygda som skulle bli utdanna til bønder. Dei betalar ein symbolsk sum i skulepengar, men skulen får støtte frå NMS/JV for å halde dette kurset i gong framleis. Fagkretsen for det eittårige agronomkurset er det same som tidlegare, med 50 % praksis i dei ulike avdelingane i gardsbruket. 23. juli 2021 avslutta dei 90 FPQ- elevane si utdanning som agronomar. Dette var kull nr. 56 for gutane. I starten på skulen var det berre gutar i klassen, men jentene kom med for 34 år sidan.

Grønt gymnas Lycee Agricole

Kurset er treårig og elevane må ha BEPC (ungdomsskulen) for å kome inn.

Det fører fram til artium etter 3 år. I kurset er det rundt 60 elevar. Dei som slutta i år, fekk 100 % bestått eksamen, noko som er spesielt og viser den kvalitet undervisninga på skulen ligg på, både i praksis og i teoretiske fag.

Avischool

Dette er eit kurs for dei som ønskjer ei fordjuping i avl av høner og andre fjørfe. Det varer i 3-5 månader. Avl av høner for sal av konsumegg og oppal av slaktekylling har teke seg opp i Innlandet. Kwart år er det ferdige agronomar som tek dette kurset, som er det 5. kurset sidan denne opplæringa starta.

Høgskulen IPSATTA

Høgskuletilbodet er 3 årig med høgare utdanning i jordbruk, husdyrbruk og miljøkunnskap. Kurset fører fram til bachelorgraden etter 3 år. Det var siste skuleår 292 studentar i alt i dette kurset. Både studentane her og i Lycee Agricole betalar skulepengar som dekkar undervisninga. Dei bur ikkje på skulen.

Dei nye elevane for skuleåret 2021-22 starta 11. oktober for FPQ. Lycee Agricole byrja 1. september og IPSATTA tok til 19. oktober. I alt er det godt 465 elevar og studentar på Tombontsoa i skuleåret 2021-22. Tek ein med dei studentane som held på med diplomoppgåva, blir det totale antalet på 557. Berre elevane i FPQ (agronomkurset) bur på internatet.



Avslutninga før jul 17. desember -21 var ein fin aktivitetsdag for alle elevar, studentar og tilsette. Foto: Rasoloson Lala

Jordbruket

I den praktiske undervisninga som nyttar avdelingane i gardsbruket fullt ut, har dei innført ei rotering blant nokre praksislærarar, både for å skaffe litt forandring i arbeidet, og for at dei skulle få eit vidare innblikk i samanhengen mellom avdelingane. God drift i jordbruket med

dyrkinga av mais og gras er t.d. avgjerande for god kvalitet på siloen som storfeet har som for i tørketida.

Rektor fortel av dei merkar endringar i klima når det gjeld dyrkinga på Tombontsoa. Normalt har dei visst når regntida kjem, og dei kan planlegge produksjonen etter det. Dei seinare åra har dette vore meir usikkert. Hovudproduksjonane i jordbruket er gras og mais til fjøset. Landet frå gjødseltanken vert i stor grad nytta til graset, medan den faste gjødsla frå fjøset og grisehuset vert nytta i maisdyrkinga, før pløying av jorda. I slutten av november 2021 har dei gjort ferdig jorda til såing av maisen. Det er vanskar med å skaffe nok gjødsel til heile maisarealet, der mesteparten blir brukt til silolegging. Dei har nå starta opp med risdyrking igjen, etter mange år utan denne kulturen. Dei byrja med 10 dekar, men planlegg å auke dette til 40 dekar i åra framover. Elevane treng god praksis i denne kulturen også, sidan dyrkinga av ris er ein hovudkultur ute hos bøndene.

I fjøset er det nå om lag 50 årskyr med påsett av alle kvigekalvar. Mjølkemengda har vore god også dette året. Elevar i FPQ og Lycee Agricole har mykje praksis i fjøset og grisehuset. Studentane i IPSATTA lagar økonomiske kalkylar i mjølkeproduksjonen og kontrollerer kraftfordelinga til kyrne. I fjøset hadde dei ein sjukdom på dyra, colibassilose. Det førte til at mjølkemengda fall dramatisk med 90 %. Dyra vart behandla, så mjølkemengda tok seg opp igjen etter kvart. På grunn av korona og mindre sal av konsummjølk ei tid, starta fjøset opp med produksjon av ost. Kvaliteten på denne osten har svært god omtale blant folk, så dei greier ikkje å skaffe nok.

Grisehuset er i full produksjon igjen etter at det sto tomt eit par år på grunn av Afrikansk svinepest. Dei fekk nye avlsdyr frå Fihaonana som har ei god stamme av rasen Yorkshire. Etterspurnaden etter slaktegris og smågris er stor i Innlandet, så produksjonen av dette gjev god netto i drifta. Det er gode mogelegheiter for å auke produksjonen i det store grisehuset. Rektor fortel at avdråtten i grisehuset har kome seg betrakteleg dette siste året på grunn av ei større satsing på avl og godt stell, og god foring av grisene.

Hønehuset

Skulen kjøper inn daggamle kyllingar og sel dei som 8-12 vekers kyllingar. Det har vore vanskeleg å få tak i daggamle kyllingar på Madagaskar på grunn av koronasituasjonen, så dei har begynt å importere kyllingane frå Tyrkia, i samarbeid med ECLOSIA- AVITECH. Dei fekk daggamle kyllingar 12. februar og 19. juni-21. 20. oktober kom det 18.000 nye kyllingar. Rasen er Starlette brun. Dette er hybridhøner til produksjon av konsumegg. Produksjonen av kyllingar går veldig bra, og det er lite dødelighet. Personalet er nøye med god utvasking og desinfeksjon mellom kvart innsett. Nå i slutten av året 2021 er det 20.000 kyllingar i husa og alt er bestilt. Dei selde mykje ut 17. desember, og resten skal ut 17. januar-22. I februar 2022 kjem det igjen nye 18.000 kyllingar frå Tyrkia.

Fiskeoppdrettet

Dette er ein ny produksjon på Tombontsoa. Jorda dei gravde ut for fiskedammen, vart nytta til å lage murstein for eit nytt skulebygg med 3 klasserom. Dette vart teke i bruk i januar 2021. Dei byrja med 500 yngel av Tilapia. Problemet har vore vasstilgangen. Dei har grave 2 nye brønningar for å skaffe vatn til fiskedammen i tillegg til regnvatnet.

Mølla og salg av driftsmidler til bøndene

Produksjonen av kraftfor i mølla er stort sett til eige bruk for fjøset, grisehuset og hønehuset. Ein del vert og selt til bøndene i distriktet gjennom utsalshuset dei har like ved mølla. Der vert

og andre driftsmiddel til bøndene selt. Bøndene set stor pris på at dei kan få kjøpe dei driftsmiddel dei har bruk for i sine ulike produksjonar.



Kyllingane greier fint transporten frå Tyrkia til Tombontsoa. Foto: Rasoloson Lala

Fanantenana

På denne demo garden er det ei besetning av mjølkekyr, griser og geiter. Her brukar dei trekkoksar til pløying, horving og transport. Kyrne vert mjølka for hand, og alt land frå fjøs og grisehus renn ut i ein kumme for bruk i grønsakhagen og på jorda elles. Dei to trekkoksane er nå gamle og skulle vore skifta ut. Den store planteskulen med oppal av planter av frukttrø og skogstre ligg på denne garden. Elevpartier har ansvaret for drifta av Fanantenana.

Fihaonana jordbruksskule

Nye skulebygningar

Nye skulesalar, internat, kjøkken og sanitæranlegg vart bygde ferdige i slutten av 2020 med pengar frå staten. Klasserommet og andre hus vart teke i bruk i 2021. Dette skal brukast av studentar i kurset PEJAA (Promotion pour l'Entreprenariat des Jeunes Agriculture et Agro Alimentaire).



Det nye senteret for utdanning i entreprenørskap. Rektor har oppløring for personalet. Foto: Arne Dragsund

Samarbeidet mellom Fihaonana og Den gassiske stat

Det er eit godt samarbeid mellom skulen og staten på mange område, ikkje minst i utdanning av arbeidslause akademikarar i PEJJA-kurset. Dette er som sagt tidlegare, eit eittårig kurs i entreprenørskap. Samarbeidet med staten har utvikla seg vidare på andre område:

Bygging av eit senter for studentar

Staten har gitt pengar til å bygge eit senter for studentar som kan ta med seg sin familie på kurset i entreprenørskap. I denne omgang blir det bygt 6 slike hus.

Utstyr til undervisninga

Skulen har fått audiovisuelt utstyr som gjer det mogeleg å bruke internet i undervisninga, slik at elevar og studentar kan følgje med i det som blir lagt ut på internett og som kan brukast i undervisninga. Dette er spesielt nyttig for entreprenørklassen.

Støtte til forbetring av drifta i husdyravdelingane

Mølla og produksjonen av kraftfor til skulen og bøndene, skal forbetrast med betre maskinar med større kapasitet. Grisehusa skal forbetrast og utvidast med plass til 9 fleire purker. Dammane i fiskeoppdrettet skal utvidast og forbetrast, og det skal satsast meir på produksjon av yngel av tilapiafisk og karpe. Eit nytt hønehus for 1000 gassiske høner skal byggast. Det er stor etterspørsel etter slaktekylling av den gassiske rasen. Skulen skal også ha 900 kyllingar av rasktveksande slaktekylling. Dei ordinære hønehusa skal forbetrast og utvidast med større produksjon av egg. Honningproduksjonen skal også aukast med 70 nye bikuber. Husa for geit og sauer skal byggast for 56 dyr i første omgang.

Skuledrifta

Agronomkurset

81 elevar slutta skulen 29.10.21 etter 10 månaders opplæring. Dei får sine vitnemål signert av skulen og landbruksdepartementet. Nokre av desse fekk ikkje avslutta skuleåret i 2020 pga. korona, men fekk begynne igjen i januar -21. I november og desember har det vore opptaksprøve fleire stader på austkysten i tillegg til Fihaonana, for elevar som skal begynne på skulen i januar 2022.

Kortkurser på 2-3 månader

Til vanleg har dei mange slike kortkurs i dei ulike kulturane og produksjonane, finansiert av Formaprod (staten). På grunn av koronasituasjonen, vart det ikkje noko av desse kursa i 2021, men det har vore rundt 50 studentar frå andre skular og universitet på praksisopphald. Dette viser kor viktig skulegarden er med den fine drifta som er der i dei ulike avdelingane. Igjen ei påminning om at det går ikkje å skilje gardsdrifta vekk som unødvendig i opplæringa av elevane i jord- og husdyrbruk. Til og med staten har for lengst sett kor viktig denne praksisen er, og derfor kjem det studentar og elevar frå andre skular utan gardsbruk til Fihaonana for å lære den praktiske drifta.

PEJAA

Kursa for nyetablerarar har vore ein suksess. Det er nå 128 som har gått ut av entreprenørkurset hittil i dei 3 åra kurset har vart. Dette er 1. fase i programmet. Meininga er å få ein fase 2, men dette er ikkje avgjort ennå. Evalueringa av kurset på dei stadene der staten har desse kursa, viser at Fihaonana er på topp med god undervisning og det gode gardsbruket.

Jordbruket

Gardsbruket på rundt 300 dekar vert nytta som ein viktig praksisplass for elevane. Det er planta til 100 dekar med forskjellige treslag for tømmer, slik som Eucalyptus og Acasia. Det er og planta fleire slag frukttrær, kaffi og vanilje. Nå tek nelliktrea til å gje avling. Det skal satsast på ei auke av produksjonen i jord – og hagebruket. Dette er og med og bidreg til drifta

av sjølve skulen. JV har i fleire omgangar vore med og finansiert oppdyrking av eignedomen, så det er kjekt at all jorda vert planta eller sådd til. Behovet for gras til storfeet er aukande, og det trengst heile året, sidan det er slutt på å legge mais i silo. Nå er det berre ferskt gras som vert nytta til for. Klimaet på austkysten gjer dette mogeleg.

Fjøset

I fjøset er det 10 mjølkekyr og oppdrett av alle kvigekalvane. Dei brukar okse til bedekking i motsetning til Tombontsoa der dei inseminerer kyrne med sæd frå Norge. Det har vore litt problem med å få kyrne drektige i rette tid dette året.

Grisehuset

I grisehuset er det 20 avlspurker av Yorkshire-rasen, med oppforing av slaktegris og noko sal av smågris. Planen har vore å selje 300 slaktegriser i hovedstaden i 2021. I oktober var 220 slakta. I slutten av året hadde de 170 store griser som skulle slaktast, så dei greide godt det som var budsjettert. Grisene på Fihaonana er av ei god stamme, så det er stor etterspurnad etter smågris, spesielt i Innlandet. Dei greier svært godt det varme og fuktige klimaet på austkysten.



Det er ikkje lett å lesse 100 kilos griser på lastebilen. Foto: Randrianarijao Hobiharisoa

Hønehuset

Rundt 740 høner var i produksjon i slutten av året. I tillegg var det 1000 unghøner som vil begynne verpinga i byrjinga av 2022. Egga vert som tidlegare, selde i Manakara og Farafangana. Noko egg vert normalt og selde i salshuset i Vohipeno sentrum, men på grunn av pandemien har dei ikkje hatt huset ope dette året.



Unghøner like før verpinga tek til. Foto: Herinjaka Zo



Nokre av fiskedammane. Foto: Herinjaka Zo

Fiskedammane

I fiskeoppdrettet med 20 dammar har det vore vanskar med vasstilgangen dette året. I slutten av november måtte dei hauste ein del av fisken, sjølv om den ikkje var stor nok. Dei har både Tilapia og Karpe i oppdrettet, og dei har begynt å produsere yngel i nokre mindre dammar.



Flott fisk i dammane. Foto: Randrianarijao Hobiharisoa

Bygging av hus for sau og geit

Det skal i starten av 2022 byggast geitefjøs og sauehus for oppdrett av sau og geit. Staten har tidlegare bedt skulen om å bygge ein gard for desse produksjonane, med tanke på sal av geiter og sauer til syd- Madagaskar og dei tørre områda der. Rektor fortel at dei vil selje sauer og

lam også til den muslimske befolkningen i Vohipeno-området som ikkje har slike dyrearter nå. Dette er nye produksjonar på Fihaonana, men vi trur det vil berike undervisninga for elevane. Dei kan satse på slike produksjonar når dei kjem attende til sine landsbyar.



Eitt av dei 6 nye husa for familier. Foto: Randrianarijao Hobiharisoa Tømmer til bygging. Foto: Randrianarijao Hobiharisoa

Styremøtet på Fihaonana

JV var innkalt til et ordinært styremøte på Fihaonana 28.10.2021. Større samarbeidspartnarar som NMS og JV, er med i styret. Sekretæren i styret for JV, Arne Dragsund, var med på styremøtet på Skype. Synodepresidenten og andre styremedlemer var samla på Fihaonana, og dei frå Antananarivo var med på sine PC der. I tillegg til ei fin orientering frå rektor om ein skule som går godt, trass i ein vanskelig periode nå i koronatida, gjekk vi gjennom rekneskapstal og drifta av skulen og gardsbruket, samt vedtok budsjettet for 2022. Finansdepartementet i kyrkja, DAFPP, leia av Andriamasitera Razafimahaleo, hadde tidlegare hatt ein gjennomgang av administrative forhold på Fihaonana med nokre merknader til det administrative opplegget. Dette vart gjennomgått på styremøtet. Leiaren for DAFPP ga skulen ros for måten dei fører rekneskapen på, og det gode arbeidet som personalet i administrasjonen gjer. Fihaonana er ein modellinstitusjon i kyrkja, sa han. Men samtidig er det ting som kunne ha vore gjort annleis og enklare med den store aktiviteten og auke i det administrative arbeidet dei seinare år. Direktøren for DAFPP ville ha ein større gjennomgang av det administrative opplegget på skulen og gardsbruket etter retningslinjer som er felles for alle institusjonar i kyrkja. Men dei mangla pengar til ein slik gjennomgang. Arne Dragsund fekk eit direkte spørsmål i møtet om JV kunne finansiere ein større gjennomgang av det administrative opplegget. Til det svarte han at han ville ta dette med til styret, og at dei fekk sende JV eit budsjett. Styret i JV gjekk i sitt møte 24.11.21. inn for å støtte dette arbeidet på Fihaonana. Pengane er sende ut, slik at starten på arbeidet med ny organisasjonsplan, nye strukturar og rutinar for heile skulen og gardsbruket, vert sett i gong på nyåret 2022. Det er kjekt av JV kan vere med på eit slikt viktig arbeid for Fihaonana på det administrative plan. Arbeidet på Fihaonana har vakse mykje dei seinare åra, med mange nye kurs og stor utbygging. Og fleire nye produksjonar i gardsbruket.

Samarbeidet med Øya videregående skole i Trøndelag

Det har ikkje vore besøk frå Øya vgs. dette året heller, eller besøk frå Fihaonana til Øya. Det blir nok ei vidareutvikling av samarbeidet i 2022, dersom koronasituasjonen gjer dette mogeleg.

Takk for støtte til arbeidet på jordbruksskulane!

Styret i JV vil takke alle som har gitt pengar til JV og arbeidet på dei to jordbruksskulane i 2021. Vi har tidlegare nemnt Ungdomslaget på Varhaug, men det er og mange andre som har bidrege med pengar. NMS foreininga på Finnøy er blant desse, med basarar til inntekt for JV. Vi er takksame for alle faste gjevarar og enkeltgåver, og dei som har feira runde tal og pengane går til JV. Eller når det er gravferder, og dei pårørande ber folk gje pengar til JV i staden for blomar. Vi er avhengige av gåver for å kunne ha dette samarbeidet med dei to jordbruksskulane på Madagaskar. Tusen takk for all støtte!

Takk til NMS for eit godt samarbeid også dette året. Sjølv om vi ikke har kunna reist til Madagaskar på dugnad eller andre besøk i 2021, har vi heile tida hatt god kontakt med skulane og NMS om situasjonen der ute.

Gåver til JV kan sendast til konto: 8220.02.85057, merka prosjektnummer 723653. Eller Vipps: 513127.

Sandnes, den 4. januar 2022.

For styret i Jordbruksskolenes Venner

Rolf Moi, leiar Arne Dragsund, sekretær